

Opplæringslova

Alle barn har både rett og plikt til å gå på skolen. Barn med lang skoleveg har rett til gratis skoleskyss. På skolen skal vi ha faga norsk, matematikk, kroppsøving og mange fleire. Det står også at alle skolar skal ha elevråd.

Friluftslova

Alle har rett til å gå tur i skogen og på fjellet. Vi kan også overnatte ute og plukke bær og sopp. Lova handlar også om det som ikkje er lov. For eksempel kan vi ikkje bade i vatn som er drikkevatn.

Veitrafikklova

Lova skal sørge for at alle er så trygg som mogeleg i trafikken. Derfor har vi mange reglar om fart, parkering og skilt. Det er viktig at alle veit korleis ein skal oppføre seg når ein køyrer bil eller motorsykkel.



Sett strek til riktig lov:

Alle har lov til å bruke naturen.

Barn med lang skoleveg har rett til gratis skoleskyss.

Ein kan ikkje kjøre fortare enn fartsgrensa.

Alle barn har rett til å bruke bibliotek når dei er på skolen.

Sjåførar må stoppe for dei som skal gå over vegen.

Veitrafikklova



Friluftslova



Opplæringslova

